



Leiknes Fus barnehage AS
Storneset 1
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/317 - 15/9909

Saksbehandlar:
Jorunn Nøttveit Moen
JNO@lindas.kommune.no

Dato:
29.04.2015

Kommunalt tilskot 2014 - avrekning

I følgje forskrift om «likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskudd til ikke-kommunale barnehager» § 8 skal tilskotet for 2014 etterjusterast.

Rekneskapen for Lindås kommune for 2014 ligg no føre, og vi kan dermed gjere den endelege avrekninga av det kommunale tilskotet til dykkar barnehage for 2014.

Som kjent er det kommunale tilskotet til dei private barnehagane avhengig av kor store utgifter Lindås kommune har til drifta av sine barnehagar. Når vi no legg desse tala frå rekneskapen til grunn, får vi følgjande resultat for dykkar barnehage:

	Sats budsjett	Sats rekneskap	Tilskot 2014
Små barn (0-2 år)	170 819	171 995	4 533 814
Store barn (3-6 år)	81 919	82 573	3 919 712
Sum driftstilskot			8 453 526
Kapitaltilskot (staten sin sats)	9 100	9 100	671 853
Sum tilskot			9 125 379
Utbetalt tilskot			9 063 356
Etterjustert tilskot 2014			62 023

Barnetallet som er nytta er årsmelding pr 15.12.2013.

Beløpet vil bli utbetalt i løpet av mai 2015. Avrekninga og utbetalinga vert gjort med atterhald om godkjenning av rekneskapen 2014 i kommunestyret 18.06.2015.

Vi gjer merksam på at barnehageeigarar som gjennom året tek imot høgare tilskot enn det er tilskotsgrunnlag for, anten må betale tilbake eit tilsvarande beløp, eller får trekt frå beløpet ved utbetaling av tilskot ved eit seinare høve, eventuelt i samband med utbetalinga for året som kjem.



Vi gjer også merksam på at Lindås kommune kan omgjere vedtaket dersom vedtaket inneheld reknefeil eller andre faktiske feil, jf. forvaltningslova § 35, femte leddet.

De kan klage til fylkesmannen over Lindås kommune sitt vedtak innan tre veker etter vedtaket er kunngjort, jf. forvaltningslova § 28 og 29. Klagen skal sendast via Lindås kommune, jf. forvaltningslova § 32. De har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27 tredje ledd. Reknearket som viser avrekninga vil bli sendt dykk på e-post.

Med helsing

Jorunn Nøttveit Moen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Leiknes Fus barnehage AS

Storneset 1

5915

HJELMÅS